

På [www.firdaposten.no](http://www.firdaposten.no)

- Følg med skipstrafikken
- Sjå bilde frå Fjordsteam
- Sjå bilde frå Sommarrevy



## Ragna med det store hjartet

Mangfaldige Ragna Rosenlund er ei dame med sterke meiningar og eit romsleg hjarte. Ho er mellom anna støttespelar for den eritreiske flykting-guten Simon i Italia. Møt henne på side 14 og 15

FLORØ 150 år

LAURDAG  
7. August 2010

• Nr. 90 • Veke 31 • 62. årgang • Kr 15,-

# Firdaposten

## Dampen kom heim

■ Lettmatros fekk gjensyn med «Stavenes»



### Du store alpakka!

Den søramerikanske kame-len, alpakkaen, ser ut til å trivast hos familien van Duijn og Bjørnsen på Reksta. Side 18 og 19

«Det er ordfør-  
erens plikt å  
sette adminis-  
trasjonen i  
sving med å få  
lagt til rette  
næringsareal.»

Lesarbrev side 6



MINNE: Kjell Rivedal var lettmatros på «Stavenes» på slutten av femtitalet, og minnst den tida med eit smil om munnen.

Foto: David Antonsen.

D/S «Stavenes» gjekk i mange år i rute frå Florø, og er for oss ein like viktig kulturhistorieberar som D/S «Oster» og D/S «Stord» er for hordalendingane. Men det har også vore arbeidsplass for mange frå distriktet. Om bord fredag var Kjell Rivedal. For femti år sidan var han lettmatros om bord på «Stavenes». Det var eit blidt gjensyn med hans gamle arbeidsplass. Side 10 og 11

LEI AV  
HØGE  
UTGIFTER?

BLI ENIVEST ADSL  
KUNDE OG FÅ  
3 MÅNADER  
UTAN KOSTNAD

BYTT I DAG OG SPAR  
INNTIL KRØNER 1194,-

57 00 91 00  
[eninvest.no](http://eninvest.no)

eninvest



Dans med Spik Adel på Langedalsbua



Tohjulstraktorti

Eikefjord  
DAGANE

13.-15. aug. 2010

Familieopplevingar  
i trivelege omgjevnader!

GENERALSPONSOR:  
Firdaposten

- Følg med i lokalavisa

HOVUDSPONSORAR:  
Sparebanken  
Sogn og Fjordane

coop  
extra

LÅGE PRISAR

I DAG TØMER VI RESTEN AV BUTIKKEN  
FOR Å GJERE KLART TIL COOP EXTRA

ALLE  
VARER ÷ 40%

- utanom brod, ol, sjigantar,  
blod, flytande meislover,  
medisin og aviser

Coop Mega stenger 9. august - Coop Extra opnar 26. august

EXTRA LÅGE PRISAR

Florø

coop  
mega

Kjøpsbyta



7 029430 403628

# vår mening

redaksjon@firdaposten.no

■ Firdaposten tar gjerne imot brev frå lesarane. Redaksjonen kan forkorte innlegg som er for lange. Alle innlegg skal vere underteikna med fullt namn. Vi ser helst at du sender innlegg via e-post til redaksjon@firdaposten.no



Redaktør

## Svend Arne Vee

Firdaposten er ei partipolitisk uavhengig avis som kjem ut på kysten av fylket tysdag, torsdag og laurdag.



Firdaposten arbeider etter «Vær Varsom-plakaten». Den som meiner seg råka av urettmessig avisomtale, blir oppmoda om å kontakte redaktøren. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. PFU har medlemmer frå presseorganisasjonane og frå ålmenta, og handsamar klager mot pressa i presseettske spørsmål.

Prinsensgt. 1,  
Postboks 46 Sentrum,  
0101 OSLO.  
Telefon: 22 40 50 40.  
Fax: 22 40 50 55.

## Kraftige signal i kraftlinjedebatten

Reaksjonane mot regjeringa sitt vedtak om å byggje ny kraftlinje i luftspenn gjennom Hardanger har vore massive den siste veka. Og protestane blei ikkje mindre då tungvektaren Statnett onsdag kom på bana og slo fast at ei sjøkabel-løysing gjennom dei mest utsette naturområda ville vere fullt ut akseptabelt med omsyn til leveringssikkerheita. Gjennom høyringsrundane og dei politiske debattane har det nettopp vore manglande leveringssikkerheit som har vore energistatsråd Terje Riis-Johansen sitt kronargument for å velje luftspenn-løysing. I våre auge krasjlanda den forklaringa ettertrykkelig med onsdagens Statnett-utspel.

Likevel blir det neppe Riis-Johansen og Senterpartiet som vil merke den politiske blåmåndagen tyngst som følgje av det upopulære vedtaket. Målingar viser at Arbeidarpartiet til dei grader får tomme-

### «Urørt natur har ein eigenverdi som ikkje kan målast i avlatskroner til reiselivsktørar.»

len ned for vedtaket blant sine veljarar. I tillegg varslar fleire fylkeslag i SV, inkludert vårt eige, at eit nytt stort nederlag i ei miljøsak byrjar å bli så belastande at partiet i verste fall vil måtte vurdere framtidig regjeringsdeltaking. Prislappen for luftspennet kan med andre ord vise seg å bli svært så dyr - i alle fall i politisk valuta.

SV-fylkesleiar Heidi-Kathrin Osland har uansett rett i ein ting: At vedtaket om å byggje det skjemmaende luftspennet er å gå baklengs inn i framtida. Det er framtidas generasjonar som deler ut karakterer

på notidas forvaltning av verdiane, anten det handlar om oljedann eller verneverdig natur. Og dommen i denne saka vil vere eintydig: Andre løysingar var moglege, men ein valde det tradisjonelle og mest rimelege. Når Statnett attpåtil seier det same, rett nok med andre ord, vil dommen utvilsamt bli samrøystes: skuldig.

Vi registrerer også at ein framleis driv ei form for politisk/økonomisk avlat i slike saker, gjennom å tildele regionale og lokale millionar til lokalt næringsliv og reiselivsktørar som får forringa produktet sitt. Slik tenking høyrer fortida til, og avslører berre at naturvern anno 2010 framleis er prisgitt kva naturen kan kaste av seg i kroner og øre. Det er på høg tid at naturvern blir basert på naturens eigenverdi, ikkje ut frå menneskets nytteverdi.



## di mening

### Undervisningsbløffen

BENTE THORSEN  
Storingsrepresentant (frp)

Det er kun seks prosent av alle landets skoler som ikke er tvunget til å la assistenter gjøre lærerens oppgaver, i hovedsak på grunn av behov for kostnadsbesparelser. Assistentene har få eller ingen faglige kvalifikasjoner, men får likevel ansvaret for undervisningen. I hovedsak blir de satt til å undervise elever med spesielle behov, altså de som trenger lærerkompetansen aller mest. Så mye som 40 prosent av all spesialundervisning gjennomføres av assistenter, og skolen brukes da som oppbevaringsplass, ikke som undervisningsinstusjon. I tillegg til å ramme de svakeste elevene bryter dette med opplæringsloven, og staten kan senere risikere søksmål fra dem som ikke har fått den tilpassede opplæringen de har krav på.

Regjeringens løsning er, ikke overraskende, å innføre mer byråkrati i form av standarder for hvor mange elever hver enkelt lærer kan ha. Fremskrittspartiet mener dette ikke er veien å gå. Ingen barn er like, og hvor mange lærere den enkelte klasse trenger vil naturlig nok variere sterkt. Det må derfor beholdes en viss fleksibilitet, og vi må heller ta problemet ved roten.

Skolene bruker assistenter fordi dette er kostnadsbesparende, og derfor er det finansieringen vi må gjøre noe med. Fremskrittspartiet har lenge ment at det er staten som skal betale for lærerne, slik at kommunene med dårlig økonomi, og mange andre viktige løpplagte oppgaver, ikke gir barna en dårligere undervisning enn kommuner med større økonomisk frihet.

Videre må vi sikre at alle barn får

den undervisningen de trenger. I dag tilbyr skolene leksehjelp til elevene sine, men regjeringen har vedtatt å benytte seg av assistenter også her, ikke lærere. Fremskrittspartiet mener vi må sette krav til at også disse må ha lærerutdannelse.

Staten må overta finansieringsansvaret. Mer byråkrati er ikke løsningen på at dårlig økonomi rammer elevene.

### Pengestyrt monsternest i Hardanger

ELISABETH MORFJORD,  
Nestleiar i KRUF

Regjeringa har hatt utallige sjansar til å vise at dei faktisk sett miljøet framfor økonomiske hensyn etter Stoltenbergs famøse månelandingsstale: Avgiftsfritak på biodiesel, CO2-rensing på Mongstad og utbygging av hogfartstog. Men Regjeringa har feila kvar einaste ein. Avgjerda om å byggje monsternest i Hardanger framfor sjø- eller jordkabel viser at det er berre pengane som styrer miljøpolitikken.

Argumentasjonen frå Stoltenberg, Riis-Johansen og Solheim mot reinseanlegget på Mongstad var at teknologien ikkje var tilstades og at ein kort prosess var for kostbar. Fagfolk på si side hevdar at teknologien er godt nok utvikla til å starte eit fullskala reinseanlegg, men problemet er at regjeringa ikkje vil ta rekinga. Historia gjentar seg når regjeringa brukar liknande tåkeprat om bygging av kraftlinje midt i naturlandskapet i Hardanger, og hevdar sjøkabel er uaktuelt fordi det er for usikkert og dyrt. Lite nemner dei at Statnett har bygd verdas lengste sjøkabel til Nederland.

Lokalpolitikarar, miljøvernarar,

## DER OG DÅ

Florø 5. august klokka 17.23



«STAVENES»: Den gamle FSF-skuta «Stavens» kjem til Flora. Ikkje for eiga maskin, men under slep av vete-ranslepebåten «Vulcanus». Foto: Olav Hatlemark.

turistmengde og folk i Hardanger og omegn protesterer med rette høgløyd mot eit slikt inngrep. Dei raudgrøne har ikkje ein gong gjort seg brytet med å tilstrekeleg rekne ut kva det kostar å byggje sjøkabel eller jordkabel vil. Vedtaket om kraftlinje i luftspenn i Hardanger utan brei debatt og forankring i Stortinget er så provoserande og arrogant som berre ei Ap-fleirtalsregjering kan vere. Dette er gammaldags energipolitikk og bakstrevsk miljøpolitikk. Nok ein gong taper naturvernet for energioverforbruk og kraftkrevjande industri. Alternativa for øydelegging av naturen er der – då må regjeringa velje det mest naturvennlige alternativet.

KRUF berømmer det enorme folkelige engasjementet, oppfordrar

alle som kan til å delta i protestmarsjen "Bevar Hardanger" 14.august.

### Er det en slik ordfører vi vil ha?

STURE THORGAARD  
Leder Flora FrP

Firma T. Larsen gikk ut i avisa 31.7 og beklaget seg over at de ikke har fått næringsareal i Florø. Han har også begrunna hvorfor han må ha det sentralt. At han legg skylda på ordføreren er både rett og riktig, da det er hun sin plikt og oppgave å sette administrasjonen i sving med å sørge for at administrasjonen finner næringsarealer, slik at behovet kan dekkes. Det har vært mange sjanser

de siste 10 årene for å gi T. Larsen et eget areal, men det har gått til andre.

Når så ordføreren i avisa 3.8 prøver å skyldte på administrasjonen og ikke forstår hvorfor hun får beskyldningene mot seg, blir det hele nok så patetisk. Det er ordførerenes plikt å sette administrasjonen i sving med å få lagt til rette næringsareal der hvor det er hensiktsmessig. Kommunen med AP i spissen, ligger hele tiden på etterskudd på dette området.

Til neste år er det valg, og da er det tide å få byttet ut den politiske ledelsen i kommunen med en mer næringsvennlig og pågående ledelse. Vi er ikke tjent med en politisk ledelse som ikke tar ansvar for at kommunen har en mangelfull tilrettelegging av næringsareal.

## Fjordsteam 2010:



*STOLT:* «Stavenes» er ein del av kysthistoria langs kysten i distriktet vårt. Skipet ligg i Florø under heile Fjordsteam.

*Foto:* David E. Antonsen.



**ORIGINALE:** Dei originale bokstavnene i skipsnamnet heng der framleis, over 100 år sidan dei vart hamra ut.  
Foto: David E. Antonsen.



**MINNER:** Kjell Rivedal var mannskap på «Stavenes» på slutten av femtitalet, og minnst den tida med eit smil om munnen.  
Foto: David E. Antonsen.



**KULTURHISTORIE:** D/S «Stavenes» ber mykje kulturhistorie frå Ytre Sunnfjord, og frå fylket elles. – Dette er vår identitet, seier Hallstein Ese i laget som no driv å rustar opp båten att.  
Foto: David E. Antonsen.

# Dar kom dampen vår heim

FLORØ: D/S «Stavenes» er for oss som D/S «Oster» er for hordalendingane; kjølen den flyt på ber ein viktig del av den lokale kulturhistoria. Torsdag kom «Stavenes» siglande inn Florøvika for første gong på lenge.

DAVID E. ANTONSEN  
david@firdaposten.no

Då «Stavenes» vart kjøpt inn av direktør og seinare statsminister Christian Michelsen i Nordre Bergenhus Amts Dampskibe i 1904, vart den sett i drift i Sunnfjord. Basen var i Florø.

Her var den i drift i nærområdet om sommaren, eller i turistruter. Om vinteren fungerte skipet også som isbrytar i fjordane i Sogn.

I løpet av desse åra har den vore ein kulturberar i distriktet, for ikkje å seie heile fylket: I den perioden for alt; båtar, fly og bilar byrja gå fort. Det er mykje historie som ligg over kjølen, på det for tida ganske så slitne skipet.

## – Ei kjekk tid om bord

Men sett bort frå det felles kulturhistoriske, er det fleire personlege historier knytt til «Stavenes».

– Det var ei kjekk tid, det halvanna året eg jobba om bord på D/S «Stavenes». No synest eg båten ser mykje betre ut enn den ein gong gjorde.

**«Stavenes» er ein viktig del av kulturen i fylket. Det er også ein del av vår identitet, som vi må vere stolt over»**

Hallstein Ese,  
Veteranskipslaget Stavenes



**MINNER:** «Stavenes» minnar oss om ei tid der ikkje alt gjekk så fort som i dag.  
Foto: David E. Antonsen.

Det fortel Kjell Rivedal, opphavleg frå Holmedal, men no busett i Førde.

Han står på brua på «Stavenes» båten heim att til Sogn og Fjordane, for å unngå å tenne på forandringane som har blitt gjort under restaureringa av skipet. For det var noko anna før, den dagen han monstra på Stavenes. Datoen var 1. mars 1957. Han hugsar den dagen godt.

– Eg hadde hatt to år på «Nesøy» og eit halv år på «Sandøy», og var heime på ferie i Holmedal då reiarlaget ringde frå Bergen. Dei bad meg monstre på «Stavenes». Då båten ei stund seinare segla inn fjorden heime og la til, presenterte eg meg for skipper Hauge; dei kalla han for «Tyten», han var litt av ein kar. Han måla meg opp og ned med augo, spytt i handa og snudde og gjekk inn att i skipet, humrar Rivedal.

## Braut is med dynamitt

– Eg lurte følt på kva dette var for noko. Men så kom han ut att, og spurde kor kjend eg var i Dalsfjorden. Eg er jo lommekjend der, svara eg. Då bad han meg pakke sekken min og komme meg om bord, smiler Rivedal og legg til:

– Men eg og «Tyten» vart med tida dei beste vennene i verda. Han skulle til og med skrive attesten min med gullbokstavar, forsikrar han.

Kjell Rivedal hugsar godt dei

ulike årstidene om bord på «Stavenes».

– Om somrane var vi med turistar. Vi køyde i rute frå Fjærland til Balestrand, Flåm og attende til Fjærland om kvelden. Det var ei kjempetid, og vi tente godt med pengar. Så, om vinterane braut vi is. Då var vi i Bergen og lasta mjølsekker i hekken, for at båten skulle vere hog i baugen under isbrytinga. Og det gjekk stort sett fint. Men ein gong, nær Bygstad, var isen så tjukk at vi ikkje kom gjennom. Då måtte vi skyte isen med dynamitt, ler Rivedal.

## Seld til England

Men etter ein mannsalder i drift i Sogn og Fjordane, selde FSF «Stavenes» til England i 1972. Der var den i privat eige i 20 år. I England vart båten liggjande i Liverpool, og lite skjedde.

I 1991 kjøpte det nyskapa «Veteranskipslaget Stavenes» båten heim att til Sogn og Fjordane, for å unngå å tenne på kulturberaren vart hogen opp.

Båten er i løpet av 2008 og 2009 slippsett, vassblåst og måla. Stålplater er skifta ut, både innvendig og utvendig. I løpet av 2010 er det planen at veteranskipslaget skal setje inn ei damp-

# D/S «Stavenes» i verdsrommet

FLORØ: Ein del av D/S «Stavenes» har vore med det amerikanske romfartoyet «Atlantis» til verdsrommet.

DAVID E. ANTONSEN  
david@firdaposten.no

– Det høyrst ut som ei god skrøne, men det er altså sant, smiler Hallstein Ese i Veteranskipslaget Stavenes.

Han går ned på sidedekket og viser ei livbøye over eit signert bilete av ein amerikansk astronaut i romdrakt. Ved sida av heng det eit klinometer, ein kringingsmålar. «Stavenes» sin gamle kringingsmålar.

– Dette her er Jeff A. Hoffmann. Astrofysikar, astronaut og skipper på «Stavenes», seier Ese.

Det hadde seg nemleg slik at den engelske eigaren av «Sta-

venes» ikkje hadde løyve til å føre båten. Og for å gjere ei lang historie kort; Hoffmann var i England på stipend og vart etter kvart skipper om bord på «Stavenes». Etter fleire turar, også i Norge, vart Hoffmann kalla inn til intervju då NASA var på jakt etter nye astronautar. Der fortalde han om sine reiser med «Stavenes» og hans lidenskap for å navigere etter stjernene. Dette var, etter sigande, ein viktig faktor for at han etter kvart vart teken inn i astronautprogrammet.

– Mange meinte dette var eit umogleg restaureringsprosjekt. Og vi har hatt både oppturar og nedturar. Men no seglar vi i god vind, seier Hallstein Ese i veteranskipslaget og understrekar kor viktig dette arbeidet er.

– «Stavenes» representerer dampskipa i Sogn og Fjordane som ikkje finst meir. Skipet er ein viktig del av kulturen i fylket. Det er også ein del av vår identitet, som vi må vere stolt over, seier Ese.

■ Sjå fleire bilete på [www.firdaposten.no](http://www.firdaposten.no)

**«Det var ei kjekk tid, det halvanna året eg jobba om bord på D/S «Stavenes». No synest eg båten ser mykje betre ut enn den ein gong gjorde»**

Kjell Rivedal.

**D/S «STAVENES»**

- Levert 1904 frå Bergens Mek. Verksted som nybygg nr. 9 i FSF-flåten.
- Gjekk i vel 70 år både lang- og korttruter for FSF.
- Er 111,5 fot lang, 20 fot brei med ei tonnasje på 187 brutto-tonn.
- Var utstyrt med ei Triple expansion dampmaskin på 260 hestar og ein kolfyrt kjel med to fyganger.
- Vart seld til England i 1972, men kjøpt attende til «Veteranskipslaget Stavenes» i 1991.

■ For meir informasjon om D/S «Stavenes», sjå [www.ds-stavenes.no](http://www.ds-stavenes.no)



**ROMFERD:** Denne kringingsmålar frå «Stavenes» har faktisk vore i verdsrommet. Meir spesifikt med på romskipet «Atlantis».  
Foto: David E. Antonsen.

## Sommarrevyen 2010:



**HULADANS:** Det vart ein sommarleg revy med mykje dans og moro. Frå V: Trond Eivind Ramstad Olsen og Øyvind Angeltveit frå Løgnhalslaget.

# Slo opp latterdørene

**FLORØ:** Sommarrevy-gjengen heldt løftet om feel-good revy. Torsdag kveld kunne ein høyre latterbrøla lang veg i Florø sentrum.

**IRIS KVELLESTAD**  
iris@firdaposten.no

Presis halv ni entra komikarane scena huladansande og ifort hawaiskjorter og bastskjørt.

Moroa varte om lag ein time og vart avslutta med ein heidrande tur på fjorden med Roy Austbø og Øyvind Angeltveit.

**ROY AUSTBØ KJEM** til å verte fattig neste gong han tek seg ein tur på byen. Hans alter ego, den gnitne skotten, forsynte seg grovt av publikummarane sine dyrekjøpte dropar under forestillingane.

Oljelensarvikaren til Gro Utkilen, leverte som vanleg:

– Eg har fått tetta alle hol og utford mange blow-jobbar den siste tida, kunne ho fortelje.

– Eg har og vore på Fedje, der bes det slik at ingen stakar klarar å halde seg oppe. Dette er eit stort problem, påpeikte oljelen-



**OLJELENSARVIKAREN:** Gro Uvik som Oljelensarvikar. Ho kom rett ifrå «Mexicogyllen» og skuldar det låge innbyggjartalet i Florø på den sterke vinden.

saren. Det fører til at innbyggjartalet går nedover. Slik har de det også i Florø.

Tore Knop (Angeltveit), frå Kystverket raste mot uforsiktede båtførarar. Han drog fram måleriet av Brureferda i Hardanger, som eit av dei mest horrible eksempla på manglande sjøvit.

– Sjå her folkens! Her har vi ein 14 fots båt med 16 drita fulle



**GNIEN:** Roy Austbø som gniten skotte. Skotten forsynte seg grovt av publikummarane sine drikkevarer.

passasjerar om bord. Dette er ikkje lov! brølte Knop til publikum si store fornøyelse.

– Her har vi drive med kampanje i 300 år, likevel har ingen av passasjerane på seg redningsvest! Og brura sitt og vingla på baugen av båten. Ho er nedlessa med 160 kilo sølv, gull og accessories. Eg skal fortelje dykk at på denne tida gjekk det med fleire tusen brurer i året. Heile Har-



**ULØKKA:** Kveldens glansnummer var heilt klart den ellevile turen på fjorden med Austbø og Angeltveit i båten M/S Uløkka.

dangerfjorden er full av søljer og gul!

**ELLES VAR SKETSJANE** fulle av både aktuelle og lokale poeng. Statuane i byen, kommunestreiken og marinemeisterskap var berre nokre av tema som revyen sigla innom. Det var lagt vekt på det enkle og uformelle i revytellet. Noko dei lukkast storveges med.

Det lokale rockebandet Punch

var revyband, dei hadde med seg den dyktige pianisten Christoffer Brandsoy på laget. Musikarane gjorde ein fin figur gjennom heile kvelden.

Sjolv om repertoaret var gamle slagarar og visesongar til allsongen, klarte Punch, til publikum si store glede, å sneike inn ein av sine eigne låtar.

Alt i alt vart det eit vellukka gjensyn med Sommarrevyen.